345

Nr. 6 1897

Fridom

Tidskrift for sjølvjelp og sjølvstyre

Blastyrar: *Ivar Mortenson*

Inhald:

Industri-tia.
Smaastubbar.

Dette hefte kostar kr. 0.50.

Oslo Prenteverk.
Akersgata 73 b.

Fridom

Blastyrar: *Ivar Mortenson*

Nr. 6 | Kan tingast paa alle posthus aa i ekspd. Oslo Prenteverk, Akersg. 73 b, *Kristiania*. 2 kr. aare. 6—8 hefte (minst 12 ark). — Redaksjonsadresse: Einabu, *Litlelvdalen*, Norig. | 1897

Industri-tia.*)

Naar dæ bli tala om *laake tier* skulde ein tru dæ va soleis laga, at dæ va mange krevjarar aa lite aa faa, for mange kjøparar aa for lite vare.

Men no æ det omvent. Me seier at d'æ laake tier naar d'æ mykje vare aa faae kjøparar, mykje aa faa men ingen til aa krevja, mange arbeiarar men faae til aa øya.

Ovmengd av varer aa ovmengd av arbeiarar dæ æ stormeine aa floken me hev aa dragas med i tia vaar.

Ein maa truga varer in paa folk, aa bli kje kvit dei lel.

Aa endaa baade svelt aa frys folk aa veit ikje si arme raa.

Korleis dette kan ha seg?

Jau dæ hev seg ikje paa annan maate en at d'æ dæ mest bakvente stelle du kan tenkja deg. D'æ kje anna en dauoran hjaa ei for gamal ti som endaa meinheld paa dei siste livsens traa-ar fyrr ho endeleg maa slokna.

---

* Sjaa stykkje om «Samarbei» i nr. 4.

Denne industritia vaar æ som ovringa av ei heil ny æve.

Aa denne ovringstia æ lik ovringstia av ei annar æve som heimen hev fari jenom.

Dæ va gamleæva som slutta, den ti dei tok aat med maskinar aa fabrikkar aa kapitalsterke drifter aa samskiping av arbeishærar.

Denne gamleæva hadde sin beste trivna i jordbruks- aa handverksalderen. Aa ho hadde ovringstia si dæ bel folk ikje endaa hadde byrja med faste bustaer aa rasjonelle drifter, men levde paa lausfot aa tok dæ som fyre fall paa sjøen og paa vidda.

Industritia vaar æ som ei attervending til dei same næringsmaatar som folk dreiv med i fisketia aa veietia, bare i større maal aa med større midlar.

Fyrr gjekk kvar mann for seg sjølv med bogen eller fiskestonga, aa va nøgd naar han fekk dæ som huslyen turvte. Men no legg dei iveg med heile hærskipa fylkingar, aa maale æ aa fiska endelaust. Den som æ best budd, driv dei andre ut or fiskegrunnane, so einslingen maa taka av paa øydna aa viaatta, der inge hærflokkar kan koma fram.

Men dæ dei fiskar aa snarar etter no, æ hell ikje ret fisk aa rette dyr — d'æ menneskje eller som dei paa jægarmaale kallar dæ: *kundar*.

Dersom dei endaa fòr fram paa folkeleg vis aa brukte op dæ som dei fanga in.

Men dei æ lik fiskaren som hev fengi paa kroken fisk han tykkjer æ for liten. Han slepper han uti vatne att. Soleis slepper og handlaren «kunden» sin laus att, naar han hev fengi han til aa bita paa kroken. Men fyst tek han seg ein godbite aa ventar til han blir fullfeit.

Naar du jeng jenom ei handelsgate i ein storby ein

skoddefull haustkveld, æ dæ plent som du gjekk paa havsens botn, der dæ ligg fullt av baatar op i vassmaale aa heiser ned fiskegreier til den myldrande mengde paa havgrunnen. Der æ slukar som glimar i alle slag leter, der æ kunstige fivreld, som du maa tøya deg etter og der æ naturleg agnsild aa makk aa mat, men ein løynd krok æ der fest paa altsaman, som riv aa slit deg i bringa, kjem du for nær bortaat aa vil fingra aa bita i dæ. Aa leit æ dæ daa om du ikje hev annan mat en den som du lyt betala i so dyre domar.

Dersom dæ bare va handelsmenner aa krambufolka som soleis va utjengne paa fisking, so kunne ein endaa finna ærlege menneskje.

Men fabrikherren maa fiska etter handelsmenn, aa sender sveinar med gyllte krokar ut over al heimen.

Aa arbeiaren maa fiska hjaa fabrikherren aa stasa op fjørene sine so godt han kan, for aa faa han til aa bita paa kroken, endaa d'æ vondt nok aa faa ein slik storfisk til aa bita fast, so dei kan faa han heilt paa land.

Aa statstenarane maa fiska etter hugna aa naade hjaa dei styrande, aa desse maa jera likeins med stortinge aa stortingsmennene likeins hjaa veljarom.

Du kan ikje ganga mange steg i live, uta du kjem ut for fiske- aa vei-ingsgogner. Snart ein sluk, snart ei snare eller eit jildreverk; ja kanskje du, før du veit orde av, jamvel kan bli ute for eit skarpt skot eller bli sitjande fast i ei ulvestoge.

Heile produksjonen, ja heile live æ liksom bygd paa dæ, at den eine ska fanga den andre. Den som bare vil leva av ærlegt arbei aa ikje hev sine fangegreier i go stelling, han maa finna seg i aa svelta ihel.

Alstøtt eit endelaust kapsprang etter aa finna op dei

beste narreverk til aa lura seg paa folk aa faa dei til aa letta paa pungen.

D'æ prostitusjonen som samfunde æ bygt paa. Aa dæ uta den minste skamkjensla.

Dæ bli daa endaa svivyrdt naar eit kvende sminkar aa fjørar seg, til aa snara framande menn. Men i forretningsverda bli den halden for jævast som kan smeikja aa sminka seg best fram hjaa gotrugne «kundar.»

Moralen aa livssyne bli deretter.

Den same fantehaatten kjem fram i folk som du finn hjaa slarken som gjeng med fiskestonga frammed ei elv heile somaren i staen for aa jera gagnsverk. Dei bli sleipe aa sløge aa lause i munnen, so du kan snaut tru eit ord av dæ dei seier.

Eit ærlegt menneskje som ein kan tru seg til bli snait ikje aa finna, dei æ «forretningsmenn» alle.

Dersom dei endaa vann noko paa dette sjølve.

Dæ som dei vinn æ bare ein slump pengar, men inga lykke, bare eit vondt samvet. Live bli uta meining aa maal. Dei røver livslykka baade fraa seg aa andre. «Livslygna» bli dæ einaste element dei kan anda i.

Gamle fiskarar seier dæ, at naar dei hev fiska for mykje i ei elv, so fisken bli «saarkjefta», daa vil han ikje lenger bita.

Tru dæ ikje snart skulde gaa slik med dette ovbodne storfiskje i industria vaar og?

D'æ alt tusenvis av dei som hev vorti «saarkjefta» so dei hev mist evna til aa bita paa. Dei orkar ikje meir,

dei æ ikje konsumsjonsføre lenger. Aa kor mykje ein strev var aa sutlar med dei so kjem dei seg ikje til manns att so dei duger til meir en nappa i dei uvandaste makkekrokar. Dei ligg aa tynes paa havsens botn.

Men d'æ alt nokre storfiskar som hev vaaga stinga hovue op i vatsmaale. Aa dei hev set forunderlege ting.

Dei hev augna at verda slet ikje va so laga som dei hadde tenkt, men at dæ va ei einaste synkverving.

Dei fekk sjaa at denne industritia vaar va ei verd der mest alle ting sto paa hovue, aa folk gjekk paa hendene, so dæ va ikje dæ minste under at at dei kunne bli øre aa sanselause nokon kvar.

Tankane laag liksom i lufta. Dei kom op mest paa same tia i fleire land.

Sovitt eg veit va dæ desse tri menn som tok til aa naa op or ovringstia aa faa sans aa samling att etter svimeslaga.

Russaren *P. Krapotkin.*
Franskmannen *Ch. Gide.*
Tyskaren *E. Busch.*

Dei fann noko som slet ikje va nytt, daa kvar husmor aa kvar budeie veit dæ, men som likevel industritia hadde gløymt, nemleg at *ein ska ikje by nokon mat uta han æ svolten, aa drikke uta han æ tyst.*

Ein maa daa vel fyst spyrja om nokon hev trong aa bruk for ei vare før ein lagar op uhorvelege mengder av eit slag. Ingenting æ daa so meiningslaust som fyst aa laga mat aa so sea spyrja om nokon æ huga paa maten. Krave maa vera dæ fyste, sea maa arbeie koma som skaffar dæ som blir kravt.

Med andre ord d'æ kje *produksjonen* dæ fyst aa fremst

.jem an paa. For d'æ ingen som paa fyrehand veit om d'æ nokon som kan konsumera alt som bli tillaga. Aa d'æ bare faanyttes arbei aa freista skapa aa lokka fram krav naar dæ ikje æ naturjevi aa sjølvkomi.

D'æ ikje konsumsjonen som maa laga seg etter produksjonen, men netop omvendt, ska dæ bli meining i dæ.

Men dæ va dette som industritia med sine lette arbeismidlar hadde gløymt aa dermed sett all ting paa hovue.

Ho hadde gløymt at alle menneskje æ *konsumentar*, aa fyst aa fremst dette; ho vilde jera alle fyst aa fremst til produsentar aa meinte at alt skulde greia seg sjølv daa, naar dette va jort.

Tak aa sjaa i kvarsomhelst økonomibok ifraa Adam Smith aa til Marx, seier Kropotkin, dei byrjar med produksjonen, alt jeng ut fraa den aa vender dit attende.

«Dæ skulde vel synas nauturvelegt kansje at ein fyst maa laga vara før ein kan bruka ho. Men før ein lagar noko til, maa ein daa vel fyst vita at ein hev bruk for dæ. Æ dæ kje trongen som fyst driv folk til aa veida, ala fe, dyrka jord aa jera ambo aa maskinar? Va dæ ikje granskinga av krave som og burde raa i produksjonen? Dæ skulde daa vera dæ naturlege at ein byrjar der aa sea saag aat korleis ein kunne faa produksjonen til aa høva der ein hadde bruk for han.

Daa vilde den politiske økonomi faa eit reint anna lag. Dæ vart ikje lenger bare ei nemning av kjensgjerningar, men ein vitskap av same slag som fysjologien som ein kunne seia jekk ut paa *gransking av dei mennesjelege krav aa midlane til aa fullnøja dei med minst mogeleg spill av arbeiskrefter*. Dæ rette namn paa denne vitskapen vilde vera *samfundsfysjologi*, aa han vilde

daa staa jamsies med plante- aa dyrefysjologi som netop jeng ut paa aa granska krava aat dyr aa vokstrar aa dei beste midlar til aa fullnøja dei.»

No bli dæ laga so mykje vare bort i haatt aa ver i uhegdom, med dei vigtigaste krav ikje bli fullnøgde. Æ slikt underlegt, spør han, naar produksjonen hev mist alle maal aa set avsta paa viaatta som styrelause hestar? Den einaste raa lyt vera aa meistra produksjonen innom grensa av dei fornæmste mennesjelege krav.*

Ch. Gide skriv paa lag dæ same:**

«Den økonomiske skipnaen vil i framtia vera styrd, ikje til mon for produsenten aa til einmans bate, men til mon for konsumenten aa samfundskrava. I staen for aa vera herre paa marknaen vil produksjonen atter bli ein tenar som vil finna si meining aa sit maal ikje i seg sjølv, men i dei samfundskrav som han æ sett til aa fullnøja.»

Ernst Busch held fram (i boka si om «Die sociale frage und ihre løsung» 1890) at dei store fabrikantan slet ikje æ herrar paa marknaen lenger en arbeiaran sjølve vil.

Ska fabrikanten la arbeie gaa paa fabrikken sin, meiner han, so maa han hava sikra seg avsetning; daa maa storhandlaran kunna jera forretning aa smaahandlaran maa staa ferdige til aa kjøpa av han, aa for at dei kan halda seg oppe maa folk kjøpa nok, dei maa ha «kundar». Vil dæ ikje lykkas aa faa avsetning, so bli dæ heller inga vinning, kapitalen jeng til spille, for arbeismidlar, som hev mist evna til aa dra rente æ ingen kapital meir, hev mist

* Sjaa stykkje om konsumsjon aa produksjon (trykt fyste gong i 1887), i «*La conquete du pain*». Boka kjem snart ut i dansk-norsk omsetjing ved Fr. Wolff, hjaa Ragnv. Paulson, Bergen.

** I «Revue d'Economie politique» 1889.

byteverde sit. *Kjøpar- ringen æ soleis grunnlage for heile næringslive.* Men kven æ dæ som lagar kjøparringen? I hovusaka æ dæ arbeiaren, produsenten naar han æ konsument. Av dette fyljer at arbeiarkonsumenten naar han æ kjøpar hjaa kapitaldrivaren, hjaa kjøpmannen, so æ dæ og han som held oppe baade kjøpmannen aa storhandlaren aa fabrikanten, seier Busch.

Men no æ dæ ulykka, ein kan ikje leva av aa vera bare konsument, ein maa produsera; men daa lyt ein produsera slik at dæ bli meining i dæ, produsera slike ting som verkeleg bli paakravde, aa som dæ difor æ sikker avsetning aa faa paa.

No jeng alt paa vaag aa slump, uta samanheng med live, uta nokor meining paa aa avjelpa krave, uta anna maal en aa *tena pengar*. Fabrikfolk aa handelsfolk dei spør ikje fyst: kva treng me til aa leva? aa dinæst: korleis kan me faa avla dæ me treng?

Fabrikherren spør? korleis kan eg tena so mange pengar at eg kan bli rik?

Handelsmannen spør: korleis kan eg tena so mange pengar at eg kan koma i «økonomisk uafhengig stilling?»

Arbeiaren spør: korleis kan eg tena so mange pengar at eg kan byta til meg mat aa klæe aa varmt hus aa ljos?

Difor æ dæ og so usikker vinning for dei alle saman fordi dei ikje fyst spør om dei kan jera nytte med sit arbei, om d'æ eit krav aa ein sakna dei avjelper.

Sjaa ei husmor eller ei budeie, dei lagar kvar dag til dæ som dei veit trengs av mat aa drikke. Dei finn ingen grunn til aa laga meir.

Men no kunne ein arbeiar eller driftsherre seia som so:

Set at eg ventar med aa ørbeia, alt til dæ kjæm krav paa noko som eg kan jera, *so kunne eg svelta ihel før krave kom.* Dæ kan henda at d'æ mange nok før som produserar dæ slag vare som eg kan med, so turen aldri kjem til meg. Æ dæ daa ikje likare at eg held meg sjølv fram aa by fram vara mi med dei midlar eg kan bruka, en at eg ska leggja meg paa fattigkassa aa ingen ting jera?

Men den som li nau med slike grunnar, han li fortent, han li fordi han ikje hev dæ minste logisk sans i hovue.

«*Svelta ihel før krave kom.*» Hev du høyrt maken til tull? Naar du æ nær ved aa svelta ihel, so hev dæ vel komi krav for lenge sea daa veit eg, krav fraa magen at han vil ha mat. Æ du daa verkeleg so tauvra av statsøkonomisk vas, at du ikje reknar dæ for eit krav som kjem fraa deg sjølv, eller æ du vorten so altruistisk med ein gong, at du bare tenkjer paa dei andre og ikje paa deg sjølv? Eller æ du so magtstolen at du ikkje kan bruka armar og bein, men vil at andre ska koma og putta maten i munnen paa deg?

D'æ daa ikje bare *andre* mennesje som æ konsumentar, men d'æ fyst aa fremst *du sjølv.*

Vil du ikje læra av meg, so fær du gaa til dyra daa. Naar ein sau æ svolten stend han daa aa ventar paa at nokon ska jeva han pengar som han sea kan byta bort i mat? Nei han sparkar til pengane aa jeng straks av aa finn seg mat.

Du vil daa ikje vera styvnare en sauen!

Naar du æ i beit for mat eller klæe eller hus, hugs daa bare paa, at du tarv ikje venta for lenge paa krav

fraa andre konsumentar, hugs at du fyst aa fremst æ konsument sjølv, aa at naar krave æ kome fraa deg sjølv, daa maa du *laga* deg mat aa hus aa klæe!

Du kan ikje, seier du? Du kan bare gaa jenom ei skorsteinspipe eller sy hanskar; men alle skorsteinspiper æ reine aa alle folk hev hanskar, som hev raa til aa bruka dei.

Men dæ du ikje kan no, dæ kan du læra.

Naar magen pip aa skrik aa krev paa, kan dæ henda at ein lærer aa jera arbei som ein aldri hadde tenkt, slik som me ser dæ jeng mange som reiser til Amerika med store voner; dei maa nok ofte læra baade aa bryta jord aa ala fe aa dyrka konn aa kansje vera baade skomakar aa skreddar. Aa naar ein jer alt slikt sjølv treng ein korkje svelta eller lia nau paa nokor vis. Ein hev produktivt arbei med sikker avsetning, avsetning til seg sjølv. Produksjonen hev vorti ein tenar att for konsumsjonen aa mist den herrestilling som han ikje var verdig til aa hava.

Men no æ me daa net komne attende dit me byrja, dei einslengde gardar oppi heia, der folk va sjølvhjelpte. *)

Men d'æ ikje meininga aa stogga der.

No vil me taka ut andre gongen aa nytta dæ som me hev lært paa vegen.

Dæ som æ ulykka ved industritia vaar æ at dæ hev vorti uvenskap millom dei som skulde vera forlikte. Lenge hev folk merka at dei levde i ei krigsti, men dæ leie va

*) Sjaa fystninga av stykkje «Kjøpvare» s. 61—62 hefte II.

at dei forsto ikje ret kva strien galt. Dei trudde at dæ va *kapital* aa *arbei* som ikje kunne semjas, aa daa æ kje kapitalen anna en som eit oplag av feitt, som arbeie hev jevi i yverskot, aa som æ gott aa hava naar ein ska greia ei tung orke.

Nei dæ va nok noko anna der galt: *arbeiaren hadde sett seg op mot sin herre aa vilde spela meistar.* Produksjonen reiv seg laus aa vilde tena pengar paa husbondens beste.

Husbonden (konsumenten) kunne alti greia seg so lenge han hadde bare ein eller tvo tenarar (produsentar). Men so slo dei seg i lag aa skipa ein heil hærfylking, men konsumentane sto aaleine, kvar for seg aa kunne ikje verja seg.

Naar ein ser klaart korleis dette hev seg, æ og løysinga endefram.

Dæ jeld bare at dei aatekne lærer aa verja seg aa møter fienden med dei same vaapen aa krigsmidlar som han sjølv brukar. Der ein æ lite aatsett treng ein leggja minst imot, aa der ein æ hardt aatsett maa ein hærskipa seg av al kraft.

Ei tryg borg kan daa for dæ fyste kvar mann hava, dersom han hev eit stykkje jord, ikje større en han dyrkar dæ med eiga jelp, aa ikje mindre en at dæ jev dei vigtugaste matemne til huslyen.

Dernæst treng han bare nokre faae graver aa vollar til aa verja handverke sit. Bare ei lita samskiping av dei ymse slag handverkarar i grenda om aa jera bytearbei. Daa æ ein sikker paa avsetning. Hans eige arbei bli bare som ei betaling for den nytte andre jer han sjølv.

Til aa byta aat seg vare som ingen kan jera i grenda

samskipar ein seg til aa laga eitkvart slag matvare, som trengs alle staer, aa som dæ ikje snart kan bli nok av.

Men storspursmaale bli daa likevel korleis ein ska magta den kapitalsterke fabrikindusrien.

Her æ dæ *Ernst Busch* viser ein veg.

Dersom arbeiaran sluttar aa kjøpa av kapitaldrivarane, seier han, so misser dei fotfeste aa maa ramla over ende.

Men kan ein daa la vera aa kjøpa?

Ja svarar han, dei kan slaa seg ihop til eit kjøparlag aa dermed i alle fall koma unda smaahandlaren. Slike samlag jev overskot, som kan bli brukt til aa utvia drifta med. Aa naar overskote hev vorti stort nok, kan samlage gaa i gang med aa laga sjølve den vara som dei før hev kjøpt hjaa storhandlaren aa fabrikanten. Fraa ei lita utsalsbu veks dæ daa av seg sjølv op verkstaer aa fabrikkar. Dersom bare arbeiarane lærer seg til aa unvera millommen, meiner han difor, so vil dei i kjøpesamlaga sine snart faa midlar nok til aa greia seg uta kredit, aa daa *kan dei svimeslaa heile kapitalen*, aa storkarane hev mist grunnlage for magta si.

Dæ bli daa ikje nokon stri meir millom arbeiar aa bonde aa hovusme (aandsarbeiar) o. s. v. For alle æ konsumentar; dæ som jeld æ bare *at konsumentane hærskipar seg til aa møta produsenten*, aa daa dei æ so mange fleire ska dæ bare litt samstelling til for at dei kan faa overtake.

Dæ nye syne tek til aa skapa samfylking aa solidaritet i fleire aa fleire land. Aa industritia ligg i heloran aa triv etter alle mogelege raaer til aa berga live so lenge som mogeleg. Dei siste meinraaer ho hev trevi til æ *verjetoll*, som paa kunstig maate ved jelp av stat aa politi ska halda oppe dæ søkkjande skipe. Konsumentane ska faa statens dom over seg, at dei æ ikje anna en mat for dei som produserar, for pengevinnings skuld, over grense aa maate i vill spekulasjon so lenge kvenna gaar. Dei skynar ikje at dei med et slikt slag som stoggar kjøpeevna, daa varene bli dyrare, ogso stoggar seg sjølve.

D'æ bare ei jelp som paa lengda kan gagna produsenten aa dæ æ netop aa jelpa konsumentane so desse fær større kjøpe-evne.

Byrjar ein med verjetoll so lyt ein, til aa faa jamvegt, ogso jelpa folk til aa kunna kjøpa den dyrare vara. Vegen æ daa ikje lang til lov om normalarbeisdag aa minimalløn aa statsinblanding over heile lina. Aa fridomsverke vil faa meir aa meir aa stri med.

Lykka æ at *arbeiarane*, i alle fall, no tek til aa skyna at dei fyst aa fremst æ konsumentar; d' æ bøndene som fleire staer held paa aa bli hildra av blendreverke aa inbiller seg at dei fyst aa fremst hev interesser som produsentar. Ille vøre dæ om bonden som før hev sett si ære i aa vera sjølvjulpen skulde falla i denne snara. Netop ille i desse tier, daa den nye økonomiske oplysning vil byggja grunnvollen for samfundslive paa bondestell aa jordbruk.

Sann *bonde*politik skulde netop vera aa jelpa sine kjøparar (byane) til aa faa større kjøpeevne. Aa sann *by*politik skulde vera aa jelpa sine produsentar (bøndene) til aa faa lettvintare aa billegare produksjonsforhold.

Mange meiner, at naar ein hev si utkome so vitt, kan ein leva for sine aandelege hugmaal, aa tarv ikje bry seg med aa venda tia; anten ein lever i ei industriti eller handverksti eller jordbruksti, dæ kan kvitta han eit.

Men slik skulde ingen tenkja. Dæ kjem alle ved kva for ein økonomisk skipna ein lever under. For heile kulturen fær svepen sin etter dette.

Kulturløysa i tia vaar æ netop ei fylje av industridrivinga.

Kultur dæ vil seia at eit menneskje eller eit samfund veks aa mognar innafraa utover. Dæ fær dæ ikje jera uta dæ frit fær eigna til seg dæ som dæ hev bruk for, aa net paa den tia som dæ høver.

Industritia vaar ho trykkjer aa lurar alt slag vare in paa os uta aa spyrja om dæ samer med dæ som æ i vokstr hjaa os, uta vyrdna for dæ heilagste. Ingen jev seg ti til aa venta til dæ veks op eit naturlegt krav aa let daa folk velja dæ som høver dei. Nei fins dæ ikje krav, so æ dæ ei livssak for fabrikanten aa handelstande aa *skapa krave*. Vil dæ ikje gaa heime so freistar dei aa misjonera aa sivilisera op naturfolka i andre jordbolkar so vitt at dei trur dæ høyrer med til live aa eiga en del evropæisk jugl.

D'æ bare gamle kulturar slik som i Kina som hev magt til aa staa imot.

Skulen trykkjer paa os lærdom aa eksamenar uta aa spyrja om dæ høver med vaar aandelege vokstr. Ølbryggingshusa lurar øl i os uta aa spyrja om me æ tyste. Bokhandlarane lurar bøker in paa os uta aa spyrja om d'æ lesna som æ os til jelp i livsstrien. Fabrikantane tvingar ty in paa os uta aa spyrja om d'æ mønster aa fargar som høver med vaar nasjonale stil.

Ein kan likna tia vaar med folkevandringane si ti, daa barbarar fløymde over dei gamle kulturland aa sette villmansvep paa alle ting aa vyrde korkje høgt hell heilagt.

Skulde daa ikje alle som vil kultur, som vyrder heim og nasjonalitet, som ynskjer at alle maa faa leva eit personlegt liv i eit frelegt samfund vera med aa stogga røvarferdene aa jelpa til aa byggja samfunde op att paa trygge grunnlag?

I næste aargangen av «Fridom» vil me freista aa syna korleis ein i dæ smaae aa i dæ store kan bygja aa skipa eit meir lykkelegt samfundsliv, paa grunnlag av:

dæ frie tilltak,
kvar æ herre i sit yrkje
ingen husbond, ingen tenar,
solidaritet,
assosiasjon aa ko-operasjon.

Smaastubbar.

For mange lover. «I oldtiden sagde man, at et samfunds slethed kunde maales efter antallet af dets love. Vi ved ikke om denne sats fremdeles holder stik, men antallet af vore love er *legio*.

Det er os rent en gaade, hvorledes almenheden i vort land under disse omstændigheder til enhver tid kan vide, hvad den med tryghed kan lade og gjøre; thi selv for dem, som har gjort lovkyndigheden til sit fag, maa det ofte være et ikke saa lidet studium gjennem de forskjellige love og tillægslove og love om forandringer af disse igjen at finde ud, hvad der paa et givet tidspunkt er gjældende lov og ret i enkelte materier.» (Morgenbladet).

Dæ norske tungemaale eig ikje noko rett ord som tyer aa hava magt aa velde over andre.

I gamle dagar hadde dei kanskje eit ord *hersa* (tysk hersohen) som ligg til grunn for herse (bygdehovding), men dette æ bortgløymt no.

Styra tyer nærmast halda styr aa staak, altso vanskipa heller enn rettleia.

Rikja tyer nærmast vera rik.

Raa tyer aa jeva raaer.

So hev me maatt laana dæ tyske orde *regieren*. Baade ord og tanke æ laante saker, som me jerne kan jeva attende aa seia tak for laane.

Bureaukrati. Vi har vundet en politisk seier, men buraukratiet ser det ut til, at vi skal faa beholde; embedsmagten, det store politiapparat, som skal gjæte menneskene og inkassere deres skatter og mulkter, viser ingen tendens til at minke.

Hvad bureaukratiet er, det kan jeg forklare paa følgende maade:

Ved et eller andet af statens etablissementer er der nogle arbeidere, som har lidt uret af sine overordnede. De klager, men kan ikke faa ret; alle embedsmænd har bl. a. den forpligtelse at opretholde embedsmændenes autoritet. Tilsidst henvender arbeiderne sig til den øverste chef, lad os sige til vedkommende minister. Denne svarer: jeg vilde saa gjerne, mine herrer! men jeg kan ikke desavouere mine underordnede.

Det er bureaukrati. (A. Garborg i 1886).

Oslo prenteverk.

Fridom

vil i *1898* millom anna fortelja *«fridomsoga»* til endes.

Han vil omsetja den vijetne historiske utgreiinga av *Kropotkin* om *korleis staten kom op.*

Han vil leggja fram praktiske forslag til aa greia *den økonomiske floken.*

Han vil bera fram nye tankar om *skulestelle.*

Han vil arbeia for at *religionen* maa koma til full magt i samfundslive.

Du kan tinga «Fridom» paa kvart posthus eller senda 2 kr. til ekspedisjonen, Oslo prenteverk, Akersgata 73 b, *Kristiania.*

Ivar Mortenson.